# Innkalling til styremøte

Dølehalli

**Sted:** Peiskrok Dølehalli
**Tid:** Tirsdag 17. mars 2020 Kl.: 19:00 – 20:30
**Til:** Geir Notodden, leiar
Eivind Berge, medlem
Bjørg Nordlien, medlem
Eivind Nordjordet, medlem
Hege Bjåland, medlem.
Solveig Jamgrav, rekneskapsførar

**Kopi til:** Astrid Åmot, varamedlem
Terje Nilsen Haugen, varamedlem
Nunnun Gjersund, varamedlem
Ottar Gjersund, varamedlem

*Varamedlemmer vert innkalla til alle styremøte og mottek alle referat. Desse har ikkje møteplikt eller stemmerett forutan når dei stiller for ein namngitt fast representant.*
*Dersom du som medlem må melde forfall til styremøtet, så er det ditt ansvar at ein av varamedlemmane møter i ditt namn.*

**Sak 5/19** **Rekneskap**

Solveig legg kort fram rekneskapet for 2019

- Rekeneskapet er ferdig og revidera. Me set konn inn i detaljar i rekneskapen som ei førebuing til årsmøtet.

**Sak 4/18** **Skolebygget**

Kort oppdatering om situasjonen og vidare planer.

- I samband med innflytting av vevkjerringane i båe etasjar er det avdekka feil på det elektriske anlegget. Eit lite problem med eit par panelovnar avdekka eit større problem med det elektriske opplegget. Feilen var av ein slik karakter at det var fare for brann i den delen av bygget. Feilen er utbetra men det har belasta konn økonomisk.

**Sak 10/18** **Sceneoppgradering**

Kommunen har gjeve oss midlar til innkaup av lydutstyr og me må gjera ei prioritering om kva pengane skal nyttast til.

- Noko pengar er nytta til mikrofonar og mikrofonstativ. Kor mykje er det att av dessa midlane og korleis skal dei nyttast?

**Sak 10/19** **Basar**

Basaren gjekk av stabelen på tradisjonelt vis og me kan berre takke for all den innsatsen som vart gjort av alle dei involvera.

- Basaren hadde færre besøkande enn tidligare, men den var ikkje mindre vellukka.
- Korleis gjekk det med økonomien? Korleis blei dei nye aktivitetane teke i mot? Kva med å fortsette med matsal i eige regi? Kan me tenke konn andre aktivitetar?

**Sak 1/20** **Årsmøte 2020**

Det meste blir som senste året og som året før der. Me held konn til dei offentlege reglane for slike møte i friviljuge organisasjonar.

- Det skal skrivast ei årsmelding med ulike bilag. Det er viktig at styrerepresentantane kjem med gode innspel på kva som skal vera med.
- Når skal årsmøtet haldast?

**Sak 2/20** **Kjellarstoga, oppvarming**

Orientering til styret.

I samband med utleige av kjellarstova i vinter, så vert det klart at varmepumpa ikkje klarer å varme opp rommet. Ikkje ein gang når det er varmegrader ute. Installatør er

kontakta og vil gjere eit forsøk på å avdekke feilen.

**Sak 3/20** **Peiskrok, oppvarming.**

Orientering til styret.

Varmepumpa i peiskroken klarar ikkje å varme opp rommet. Ikkje ein gang når det er varmegrader ute. Me har ei tilleggsoppvarming for detta rommet med panelovnar.

- Kva kan me gjera for å hindre varmelekkasje mot salen?
- Er det andre tiltak me kan gjera for å redusere strømforbruket?

**Diverse:**

*Møt godt førebudde slik at me ikkje gjeng over den fastsette tida.*

*Helsing Geir*